



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 993 153 044  
Organisasjonsform: Aksjeselskap  
Foretaksnavn: SVELGEN KRAFT HOLDING AS  
Forretningsadresse: c/o Sogn og Fjordane Energi AS  
Sørstrandsvegen 227  
6823 SANDANE

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

### Konsern

Morselskap i konsern: Ja  
Konsernregnskap lagt ved: Ja

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Marin Holvik  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 23.05.2024

### Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 01.08.2025



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>RESULTATREGNSKAP</b>			
<b>Kostnader</b>			
Annen driftskostnad	5	380 000	228 000
<b>Sum kostnader</b>		<b>380 000</b>	<b>228 000</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-380 000</b>	<b>-228 000</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Inntekt på investering i datterselskap	13	90 642 000	55 358 000
Renteinntekt fra foretak i samme konsern	9	27 046 000	18 490 000
Annen finansinntekt		1 685 000	2 108 000
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>119 373 000</b>	<b>75 956 000</b>
Annen finanskostnad		38 212 000	25 799 000
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>38 212 000</b>	<b>25 799 000</b>
<b>Netto finans</b>		<b>81 161 000</b>	<b>50 157 000</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>80 781 000</b>	<b>49 929 000</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	7	-2 133 000	-1 192 000
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>82 914 000</b>	<b>51 121 000</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>82 914 000</b>	<b>51 121 000</b>
<b>Overføringer og disponeringer</b>			
Overført fra overkursfond		-100 000 000	-50 000 000
Tilleggsutbytte		100 000 000	50 000 000
Overføringer til/fra annen egenkapital		82 914 000	51 121 000
<b>Sum overføringer og disponeringer</b>		<b>82 914 000</b>	<b>51 121 000</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>BALANSE - EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investering i datterselskap	13	1 578 101 000	1 557 658 000
Lån til foretak i samme konsern	939	550 000 000	550 000 000
	131		
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>2 128 101 000</b>	<b>2 107 658 000</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>2 128 101 000</b>	<b>2 107 658 000</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Fordringer</b>			
Andre kortsiktige fordringar	9	171 808 000	80 114 000
<b>Sum fordringer</b>		<b>171 808 000</b>	<b>80 114 000</b>
<b>Bankinnskudd, kontanter og lignende</b>			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	10	123 996 000	114 193 000
<b>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</b>		<b>123 996 000</b>	<b>114 193 000</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>295 804 000</b>	<b>194 307 000</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>2 423 905 000</b>	<b>2 301 965 000</b>
<b>BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Aksjekapital	11,12	179 166 000	179 166 000
Overkurs	11	939 131 000	1 039 131 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>1 118 297 000</b>	<b>1 218 297 000</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital	11	395 738 000	312 824 000
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>395 738 000</b>	<b>312 824 000</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>1 514 035 000</b>	<b>1 531 121 000</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Øvrig langsiktig gjeld	14,16	698 337 000	698 337 000
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>698 337 000</b>	<b>698 337 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>698 337 000</b>	<b>698 337 000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	9	7 000	15 000
Betalbar skatt	7	17 666 000	16 408 000
Annen kortsiktig gjeld	9	193 860 000	56 084 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>211 533 000</b>	<b>72 507 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>909 870 000</b>	<b>770 844 000</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>2 423 905 000</b>	<b>2 301 965 000</b>



## Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>RESULTATREGNSKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salgsinntekt	3	334 080 000	358 614 000
Annen driftsinntekt	3	739 000	790 000
<b>Sum inntekter</b>		<b>334 819 000</b>	<b>359 404 000</b>
<b>Kostnader</b>			
Kjøp av overføringstenester		9 688 000	13 330 000
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	8	27 482 000	28 903 000
Annen driftskostnad	4,5	20 993 000	37 822 000
Eigedomsskatt/avgifter	6	19 405 000	18 012 000
<b>Sum kostnader</b>		<b>77 568 000</b>	<b>98 067 000</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>257 251 000</b>	<b>261 337 000</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annen finansinntekt		9 552 000	3 072 000
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>9 552 000</b>	<b>3 072 000</b>
Annen finanskostnad		39 684 000	25 762 000
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>39 684 000</b>	<b>25 762 000</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-30 132 000</b>	<b>-22 690 000</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>			
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>227 119 000</b>	<b>238 647 000</b>
Grunnrenteskatt	7	93 270 000	131 270 000
Overskotsskatt	7	50 935 000	56 256 000
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>82 914 000</b>	<b>51 121 000</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>82 914 000</b>	<b>51 121 000</b>
<b>Overføringer og disponeringer</b>			
Overføring til/fra fond		82 914 000	51 121 000
<b>Sum overføringer og disponeringer</b>		<b>82 914 000</b>	<b>51 121 000</b>



### Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>BALANSE - EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
Fallrettar	8	1 811 963 000	1 809 103 000
<b>Sum immaterielle eiendeler</b>		<b>1 811 963 000</b>	<b>1 809 103 000</b>
<b>Varige driftsmidler</b>			
Kraftstasjonar	8,15	428 889 000	449 608 000
Anlegg under utførelse	8	70 810 000	8 329 000
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	8	1 137 000	2 168 000
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>500 836 000</b>	<b>460 105 000</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>2 312 799 000</b>	<b>2 269 208 000</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer	9	62 549 000	156 646 000
Andre fordringer	9	7 930 000	38 006 000
<b>Sum fordringer</b>		<b>70 479 000</b>	<b>194 652 000</b>
<b>Bankinnskudd, kontanter og lignende</b>			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	10	123 996 000	114 192 000
<b>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</b>		<b>123 996 000</b>	<b>114 192 000</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>194 475 000</b>	<b>308 844 000</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>2 507 274 000</b>	<b>2 578 052 000</b>
<b>BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Aksjekapital	11	179 166 000	179 166 000



## Konsernets balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Overkurs	11	939 131 000	1 039 131 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>1 118 297 000</b>	<b>1 218 297 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Fond	11	395 738 000	312 824 000
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>395 738 000</b>	<b>312 824 000</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>1 514 035 000</b>	<b>1 531 121 000</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Utsatt skatt	7	110 467 000	82 544 000
Andre avsetninger for forpliktelser		2 860 000	
<b>Sum avsetninger for forpliktelser</b>		<b>113 327 000</b>	<b>82 544 000</b>
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Øvrig langsiktig gjeld	14	698 337 000	698 337 000
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>698 337 000</b>	<b>698 337 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>811 664 000</b>	<b>780 881 000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	9	21 079 000	14 382 000
Betalbar skatt	7	119 104 000	173 870 000
Skyldige offentlige avgifter		17 865 000	44 683 000
Annen kortsiktig gjeld	9	23 527 000	33 115 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>181 575 000</b>	<b>266 050 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>993 239 000</b>	<b>1 046 931 000</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>2 507 274 000</b>	<b>2 578 052 000</b>



## Svelgen Kraft Holding RESULTATREKNESKAP 2023

tal i 1000 kr

Konsern				Morselskap	
2022	2023	Driftsinntekter:	Note	2023	2022
358 613	334 080	Sal av kraft	3	0	0
790	739	Andre driftsinntekter	3	0	0
<u>359 404</u>	<u>334 819</u>	<b>SUM DRIFTSINNEKTER</b>		0	0
		<b>Driftskostnader:</b>			
0	0	Løn og sos.kostn.	4	0	0
13 330	9 688	Kjøp overføringstenester		0	0
37 822	20 994	Andre driftskostn.	5	380	228
18 012	19 405	Eigedomsskatt/avgifter	6	0	0
28 903	27 482	Avskrivinger	8	0	0
0	0	Nedskrivinger	8	0	0
<u>98 067</u>	<u>77 568</u>	<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		380	228
<u>261 337</u>	<u>257 251</u>	<b>DRIFTSRESULTAT</b>		-390	-228
		<b>Finansielle poster:</b>			
0	0	Inntekt investering datterselskap	13	90 642	55 358
3 072	9 552	Finansinntekter		1 685	2 108
0	0	Konserninterne finansinntekter	9	27 046	18 490
25 762	39 684	Finanskostnader		38 213	25 799
0	0	Konserninterne finanskostnader	9	0	0
<u>238 647</u>	<u>227 119</u>	<b>ORD.RES FØR SKATTEKOSTNAD</b>		80 781	49 929
		<b>Skattar</b>			
131 270	93 270	Grunnrenteskatt	7	0	0
56 257	50 935	Overskottsskatt	7	-2 134	-1 192
<u>51 121</u>	<u>82 914</u>	<b>ÅRSRESULTAT</b>		82 914	51 121



## Svelgen Kraft Holding

Konsern		Balanse		Morselskap	
31.12.2022	31.12.2023	(Taf i 1000 kr)	Note	31.12.2023	31.12.2022
<b>EIGEDLAR</b>					
<b>Anleggsmiddel:</b>					
<b>Immaterielle eigedelar:</b>					
1 715 854	1 718 714	Falrettar	8	0	0
93 249	93 249	Andre rettar	8	0	0
0	0	Goodwill	8	0	0
0	0	Uisett skatt fordel		0	0
<b>1 809 103</b>	<b>1 811 963</b>	<b>Sum immaterielle eigedelar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Varige driftsmiddel:</b>					
2 169	1 136	Div. anleggsaktiva	8	0	0
449 608	428 889	Kraftstasjonar	8,15	0	0
8 329	70 810	Prosjekt under arbeid	8	0	0
<b>460 105</b>	<b>500 835</b>	<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel:</b>					
0	0	Investering i dotterselskap	13	1 578 101	1 557 658
0	0	Investering i tilknytt selskap	13	0	0
0	0	Lån til selskap i same konsern	9	550 000	550 000
<b>0</b>	<b>0</b>	<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>2 128 101</b>	<b>2 107 658</b>
<b>2 269 208</b>	<b>2 312 799</b>	<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>2 128 101</b>	<b>2 107 658</b>
<b>Omløpsmiddel:</b>					
<b>Fordringar:</b>					
156 646	62 549	Kundefordringar	9	0	0
38 006	7 930	Andre kortsiktige krav	9	171 808	80 114
<b>194 652</b>	<b>70 479</b>	<b>Sum fordringar</b>		<b>171 808</b>	<b>80 114</b>
0	0	Elsertifikat			
114 192	123 997	Kasse, bank etc.	10	123 997	114 192
<b>308 844</b>	<b>194 477</b>	<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>295 804</b>	<b>194 307</b>
<b>2 578 052</b>	<b>2 507 274</b>	<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>2 423 905</b>	<b>2 301 965</b>



Konsern		(Tal i 1000 kr)		Morselskap	
31.12.2022	31.12.2023	GJELD OG EIGENKAPITAL		Note	
		31.12.2023	31.12.2022		
<b>Eigenkapital:</b>					
<b>Innskoten egenkapital</b>					
179 166	179 166	Aksjekapital	11	179 166	179 166
1 039 131	939 131	Overkurs	11	939 131	1 039 131
<b>1 218 297</b>	<b>1 118 297</b>	<b>Sum innskoten egenkapital</b>		<b>1 118 297</b>	<b>1 218 297</b>
<b>Opptent egenkapital</b>					
0	0	Annan egenkapital	11	395 738	312 823
312 823	395 738	Konsernfond	11	0	0
<b>312 823</b>	<b>395 738</b>	<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>395 738</b>	<b>312 823</b>
<b>1 531 121</b>	<b>1 514 035</b>	<b>Sum egenkapital</b>		<b>1 514 035</b>	<b>1 531 121</b>
<b>Gjeld:</b>					
<b>Avsetning for forpliktingar:</b>					
28 023	26 462	Utsett skatt forplikting alm. inntekt	7	0	0
54 521	84 005	Utsett skatt forplikting grunnrenteinntekt	7	0	0
0	2 861	Avsetning for forpliktingar		0	0
<b>82 544</b>	<b>113 327</b>	<b>Sum avsetning for forpliktingar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Langsiktig gjeld:</b>					
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar		0	0
698 337	698 337	Øvrig langsiktig gjeld	14	698 337	698 337
<b>698 337</b>	<b>698 337</b>	<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>698 337</b>	<b>698 337</b>
<b>Kortsiktig gjeld:</b>					
14 382	21 079	Leverandørgjeld	9	7	15
173 870	119 104	Betalbar skatt	7	17 666	16 408
44 683	17 865	Skuldige offentlege avgifter, skattetrekk etc		0	0
33 117	23 527	Anna kortsiktig gjeld	9	193 859	56 084
<b>266 051</b>	<b>181 575</b>	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>211 533</b>	<b>72 508</b>
<b>1 046 932</b>	<b>993 239</b>	<b>Sum gjeld</b>		<b>909 870</b>	<b>770 845</b>
<b>2 578 052</b>	<b>2 507 274</b>	<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		<b>2 423 905</b>	<b>2 301 965</b>

#### Sandane 11.03.2024

Knut Arild Flatjord  
Styrets leder

Kjetil Mardal  
Styremedlem

Terje Søyvikhagen  
Styremedlem

Bengt Jostein Haugnes  
Styremedlem

Stig Falling  
Styremedlem

Erlend Bårgard  
Styremedlem

Martin Holvik  
Dagleg leiar /styremedlem



**List of Signatures** Page 1/1

**Balanse Svelgen Kraft Holding til signering.pdf**

Name	Method	Signed at
Bårgard, Erlend Hillestad	BANKID	2024-03-12 14:33 GMT+01
Haugnes, Bengt Jostein	BANKID	2024-03-12 13:23 GMT+01
Holvik, Martin	BANKID	2024-03-12 12:18 GMT+01
Mardal, Kjetil	BANKID	2024-03-12 12:03 GMT+01
Søvikhagen, Terje	BANKID	2024-03-12 11:46 GMT+01
Flatjord, Knut Arild	BANKID	2024-03-12 20:51 GMT+01
Falling, Stig Erland	BANKID	2024-03-12 14:54 GMT+01

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: B3AB70BF84564045ABF6E8F670F41CA2



# Svelgen Kraft Holding AS

## Styret si melding for 2023

### Verksemda si art og tilhaldsstad

Svelgen Kraft Holding AS (org nr 993 153 044) er eit selskap eigd av SFE Produksjon AS (56%), Tafjord Kraftproduksjon AS (34%) og Sognekraft Produksjon AS (10%). Formålet med selskapet er å eige og forvalte aksjar i Svelgen Kraft. Svelgen Kraft Holding AS er eit selskap i SFE-konsernet.

Svelgen Kraft Holding-konsernet består av morselskapet Svelgen Kraft Holding og det 100% eigde datterselskapet Svelgen Kraft AS.

I 2023 produserte Svelgen Kraft AS 695 GWh mot 766 GWh i 2022. Den årlege middelproduksjonen for selskapet er berekna til 702 GWh.

### Fortsatt drift

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av fortsatt drift og det er ingen usikkerheit knytt til dette.

### Framtidsutsikter

Selskapet sine framtidsutsikter er gode sett i forhold til etterspørsel etter fornybar energi.

### Årsrekneskap

#### Resultat:

Rekneskapstala som vert kommentert er rekneskapen for konsernet Svelgen Kraft Holding. Konsernet hadde ei omsetning på 335 MNOK (359) i 2023. Tal for 2022 i parantes. Driftsresultatet er 257 MNOK (261). Resultatet etter skatt er 83 MNOK (51) etter at 10 MNOK (3) i finansinntekter, 40 MNOK (26) i finanskostnader, 93 MNOK (131) i grunnrenteskatt og 51 MNOK (56) i alminneleg inntektsskatt er resultatført.

#### Balanse og likviditet:

Konsernet sin eigenkapital er på 1.514 MNOK (1.531) tilsvarande ein eigenkapitalandel på 60,4 % pr. 31.12.23. Anleggsverdiar på 2.313 MNOK (2.269) er i hovudsak knytt til kraftverka Svelgen I-IV. Konsernet sin likviditet er tilfredstillande. Viktigaste forpliktinga konsernet har er lån frå eigarane på 698 MNOK (698). Det eine lånet på 398 MNOK er avdragsfritt fram til 2030. Det andre lånet på 300 MNOK er avdragsfritt til 2041. Låna er svært fleksibelt ved at renter berre forfell i den grad det er likviditet i konsernet til å betale dette.



## Kontantstraumanalyse

Konsernet har hatt ein positiv kontantstraum på 10 MNOK (28). Driftsresultatet er 257 MNOK (261) og kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar er positiv med 178 MNOK (92). Samanhengen mellom driftsresultat og kontantstraum frå drifta kan forklarast slik:

Resultat før skattekostnad	257 251
Avskrivningar	27 482
Betalte skattar	- 171 048
Netto finanskostnad	- 30 132
Reduksjon i kundefordringar	93 097
Andre forhold	1 366
<b>Kontantstraum frå drift</b>	<b>178 016</b>

Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetane er negativ med 68 MNOK (14) og finansieringsaktivitetar er negativ med 100 MNOK (50) frå utbetalt utbytte.

## **Finansiell risiko**

Som kraftprodusent er Svelgen Kraft utsett for store svingingar i marknadsprisane på kraft. For å handsame og redusere denne risikoen har styret vedteke ein marknadsstrategi som tilseier at ein del av krafta kan vere seld for dei første åra. Alle sikringar skal inngåast mot områdepris NO3.

Valutarisiko utgjer både direkte og indirekte ein økonomisk risiko ved at den fysiske kraft-prisen på Nord Pool Spot og dei fleste finansielle avtaler vert fastsett i Euro. Svelgen Kraft har valt å ikkje valutasikre desse inntektene. Selskapet har ein soliditet som gjer at ein har god evne til å tole risikoen ein usikra valutaposisjon representerer.

## **Arbeidsmiljø, likestilling og diskriminering**

Svelgen Kraft Holding AS og Svelgen Kraft AS har ikkje tilsette, alle ressursar til desse selskapa vert leigde inn frå SFE konsernet. Styret består av sju menn.

Svelgen Kraft Holding AS skal etter openheitslova gje ei redegjering for arbeidet med grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold innan 30.06.24. Denne redegjeringa vil bli tilgjengeleg på [www.sfe.no](http://www.sfe.no).

## **Forsikring for styret sine medlemmer og dagleg leiar**

Svelgen Kraft Holding AS har styreansvarsforsikring som er teikna av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS på vegne av dotterselskap. Forsikringa dekker ansvar for formuestap for krav framsatt mot den sikra i forsikringsperioden som følge av ei ansvarsbetinga handling eller unniating hos sikra i eigenskap av dagleg leiar, styremedlem, medlem av leiing eller tilsvarande styreorgan i konsernet. Forsikringen dekker ikkje skade på personar eller eigedelar. Forsikringsavtalen sitt hovudforfall er 1. januar og løper i 12 månader. Det vert stadfesta at selskapet har styreansvarsforsikring med bransjetypisk

beløpsgrense tilpassa Svelgen Kraft Holding AS sin storleik og omsetnad.

### Ytre miljø

Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi som er miljøvennleg i forhold til annan energi, og som ikkje medfører klimautslepp eller forureinar det ytre miljø. Både utbygging og drift av vasskraftanlegg fører til inngrep i naturen og påverkar miljøet. Selskapet legg vekt på å forebygge og avgrense uønska miljøkonsekvensar og prøver gjennom oppfølging av reguleringsføresegner og ulike tiltak i vassdraget å ta omsyn til miljøet i regulerte vassdrag.

Svelgen Kraft leiger eigen Vassdragsteknisk Ansvarleg (VTA) hjå SFE Produksjon og følgjer systematisk opp tilstand, sikkerheit og miljøforhold ved vassdragsanlegga. Det er innført kjeldesortering ved avfallshandtering gjennom avtale med Elkem Bremanger Smelteverk.

### Eigarstyring og selskapsleiing

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) utarbeider tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Tilrådinga skal bidra til å klargjere rolledeling mellom aksjeeigarar, styre og dagleg leiing utover det som følgjer av lovgivning. SFE konsernet er ikkje pålagt gjennom lov eller regelverk å følgje denne tilrådinga, men har likevel valt å følgje tilrådinga så langt den er relevant. På SFE si heimeside vil ein finne SFE si vurdering av status i forhold til NUES si tilråding.

### Samfunnsansvar

Samfunnsansvar for Svelgen Kraft Holding omfattar mellom anna vår økonomiske verdiskaping for offentlege eigarar og våre lokalsamfunn, produksjon av kraft frå fornybare energikjelder, utvikling og drift av ein kritisk infrastruktur for samfunnet, ein bærekraftig og mest mogleg skånsam bruk av naturen, og omfattande samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Selskapet har ikkje hatt egne forsknings og utviklingsaktiviteter i 2023, men samarbeider med SFE Produksjon om relevante aktivitetar. Av spesiell betydning for Svelgen Kraft Holding kan nemnast deltaking i ulike prosjekt innan damtryggleik. Mellom anna er dam Hjelmevatn case i eit forskingsprosjekt på alkaliekiselreaksjonar i betong.

### Hendingar etter balansedagen

Vi er ikkje kjent med spesielle hendingar etter balansedagen som påverkar rekneskapen vesentleg.

### Årsresultat og disponeringar

Styret foreslår slik disponering av årsoverskotet i selskapet:

Årsresultat	kr	82.914.377
Utbetalt tilleggsutbytte	kr	-100.000.000
Overført frå overkursfond	kr	100.000.000
Overført til annan egenkapital	kr	<u>82.914.377</u>
Sum disponert	kr	<u>82.914.377</u>



Sandane, 11.03.2024

\_\_\_\_\_  
Knut Arild Flatjord  
styreleiar

\_\_\_\_\_  
Kjetil Mardal

\_\_\_\_\_  
Erlend Bårgard

\_\_\_\_\_  
Bengt Haugnes

\_\_\_\_\_  
Stig Falling

\_\_\_\_\_  
Terje Søvikhagen

\_\_\_\_\_  
Martin Holvik  
dagleg leiar/styremedlem



## List of Signatures Page 1/1

### Styret si melding Svelgen Kraft Holding til signering.pdf

Name	Method	Signed at
Bårgard, Erlend Hillestad	BANKID	2024-03-12 14:33 GMT+01
Haugnes, Bengt Jostein	BANKID	2024-03-12 13:23 GMT+01
Holvik, Martin	BANKID	2024-03-12 13:16 GMT+01
Mardal, Kjetil	BANKID	2024-03-12 12:04 GMT+01
Søvikhagen, Terje	BANKID	2024-03-12 11:46 GMT+01
Flatjord, Knut Arild	BANKID	2024-03-12 20:50 GMT+01
Falling, Stig Erland	BANKID	2024-03-12 14:55 GMT+01

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: B308052C3D844BADA7841326DCD9FD6C



## Kontantstraumanalyse

Konsern		tal i 1000 kr		Svelgen Kraft Holding AS	
2022	2023	Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:		2023	2022
236 647	227 119	Ordinært resultat før skattekostnad		80 781	49 929
-72 721	-171 048	Betalte skatter i perioden		-16 408	-2 838
28 903	27 482	Av- og nedskrivningar		0	0
0	0	Resultat frå datterselskap utan kontanteffekt		-90 642	-55 358
0	0	Resultat frå tilknytt selskap utan kontanteffekt		0	0
0	0	Gevinst ved sal av varige driftsmiddel		0	0
0	0	Gevinst ved sal av aksjar		0	0
-103 387	94 097	Endring i kundefordringar		0	0
1 741	6 697	Endring i leverandørgjeld		-8	-41
0	0	Endring pensjonsforpliktingar		0	0
-1 187	-6 331	Endring i andre tidsavgrensingspostar		136 083	71 096
<b>91 996</b>	<b>178 016</b>	<b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>		<b>109 805</b>	<b>62 788</b>
<b>Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter:</b>					
-14 208	-68 211	Utbetalningar ved kjøp/tilverking varige driftsmiddel		0	0
0	0	Innbetalningar ved avgang varige driftsmiddel		0	0
0	0	Utbetalningar ved kjøp av aksjar og andelar		0	0
0	0	Innbetalningar ved sal av aksjar og andelar		0	0
<b>-14 208</b>	<b>-68 211</b>	<b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter:</b>					
0	0	Innbetaling av utlån		0	0
0	0	Utbetaling ved reduksjon av langsiktig gjeld		0	0
0	0	Utbetaling kontantar avgang datterselskap		0	0
0	0	Motteke konsernbidrag		0	15 000
0	0	Utbetalt konsernbidrag		0	0
-50 000	-100 000	Utbetalt utbytte		-100 000	-50 000
<b>-50 000</b>	<b>-100 000</b>	<b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>		<b>-100 000</b>	<b>-35 000</b>
27 789	9 805	Netto endring i kontantar og ekvivalentar		9 805	27 788
86 404	114 192	Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1		114 192	86 404
114 192	123 997	Behaldning av kontantar og ekvivalentar 31.12		123 997	114 192
0	0			0	0



# 1115955

## **Svelgen Kraft Holding AS Notar til rekneskapen 2023**

### **Stifting og formål**

Svelgen Kraft Holding AS vart skipa 16.09.2008. Selskapet sitt føremål er å eige og forvalte aksjar.

### **1 Rekneskapsprinsipp**

Svelgen Kraft Holding AS sin selskapsrekneskap og konsernrekneskap er ført i samsvar med rekneskapslova av 1998 og reglane for god rekneskapsskikk.

### **Grunnleggande forhold**

Selskapsrekneskapen for Svelgen Kraft Holding AS består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar.

Konsernrekneskapen viser det samla økonomiske resultat og økonomiske stilling ved at morselskapet og eigardelar i andre selskap vert presentert som ei økonomisk eining. Selskap der konsernet har bestemmande påverknad er konsolidert.

Årsrekneskapen for Svelgen Kraft-konsernet består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar. Konsernet består av morselskapet Svelgen Kraft Holding AS og datterselskapet Svelgen Kraft AS. Alle interne resultat- og balansepostar som skuldast interne transaksjonar er utlikna. Ved konsolideringa er anskaffelseskostnaden til aksjane i datterselskapet eliminert mot eigenkapitalen på oppkjøpstidspunktet. Meir- og mindreverdier av aksjane i datterselskapet i forhold til bokført eigenkapital i selskapet er i konsernrekneskapen fordelt til dei ulike eigedelane i datterselskapet og vert avskrive planmessig.

Alle finansielle kraftkontraktar Svelgen Kraft AS har handla inngår i sikringsportefølje og er underlagt sikringsbokføring.

Svelgen Kraft AS har avtale med majoritetseigar SFE Produksjon AS om finansiell krafthandel. Svelgen Kraft AS inngår avtaler på NASDAQ OMX Commodities eller mot andre motpartar ved bruk av SFE Produksjon AS sin konto. Svelgen Kraft AS heftar imidlertid for all risiko knytt til desse kontraktene og dei vert rekneskapsførte som om Svelgen Kraft handlar desse direkte på NASDAQ OMX Commodities eller mot andre motpartar. All fysisk kraftproduksjon som ikkje vert levert som konsesjonskraft eller gjennom bilaterale fysiske kraftkontrakter vert seld til SFE Produksjon AS

som omset denne på NordPool Spot. Svelgen Kraft AS oppnår same pris på sin fysiske kraftproduksjon som SFE Produksjon sel den for på NordPool Spot. Finansiell og fysisk handel med kraft på NASDAQ OMX Commodities og NordPool Spot er i Euro.

#### **Prinsipp for inntekts- og kostnadsføring**

Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Utgifter vert samanstilt med og vert kostnadsført samtidig med dei inntektene som utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter vert kostnadsført når dei påløper.

All fysisk krafthandel er ført brutto i resultatrekneskapen, medan nettoresultatet av finansiell sikring er ført under driftsinntekter.

#### **Hovudregel for vurdering og klassifisering av balansepostar**

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omlaupsmiddel. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omlaupsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffingskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vere forbigåande. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida.

Ved vurdering av omlaupsmiddel er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omlaupsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og marknadsverdi. Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

#### **Immaterielle eigedelar**

For å kunne balanseføre utviklingsarbeid som immateriell eigedel, må ein kunne identifisere utviklingsarbeidet, dvs. at det er mogeleg å skilje ut og kan seljast eller leigast ut, eller på annan måte overføre dei framtidige økonomiske fordelane knytt til eigedelen.

I konsernrekneskapen er det balanseført verdiar av fallrett knytt til kraftstasjonane. Verdien av fallretten er framkomen som skilnaden mellom den totale verdien av kraftverket og fallrett med frådrag av gjenanskaffelseskostnaden for dei fysiske driftsmidla involvert i vasskraftproduksjonen i det aktuelle kraftverket. Denne verdien vert ikkje avskriven.



Svelgen Kraft har rett til å motta 10 GWh kraft vederlagsfritt frå SFE Produksjon AS som kompensasjon for ei kraftutbygging som vart gjennomført rundt 1970. Denne retten er balanseført i konsernrekneskapan. Retten vert ikkje avskriven sidan den er evigvarande.

### **Varige driftsmiddel og avskrivingar**

Varige driftsmiddel vert avskrive lineært over forventa levetid. Avskriving vert starta året etter investeringsåret for mindre, ordinære avskrivingar, medan det for større investeringar vert starta avskrivingar den månaden driftsmiddelet vert teke i bruk. For eigne investeringsarbeid utgjer anskaffingskost variable og andel av faste kostnader. Det vert aktivert byggelånsrenter på større investeringar med byggetid på meir enn 6 månadar, medan meir ordinære investeringar ikkje vert aktiverte med byggelånsrenter. Periodiske vedlikehaldsutgifter vert aktiverte i balansen og avskrive over vedlikehaldsintervallet.

### **Fordringar**

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringar.

### **Godtgjersler**

Svelgen Kraft AS utbetaler godtgjersler i samband med overtaking av bruks- og fallrettar.

For utbygde kraftverk er eingongsgodtgjersler aktivert og vert avskrive over anlegget si levetid, medan årlege godtgjersler for utbygde anlegg vert kostnadsført. For rettar som ikkje er utnytta, vert dei årlege godtgjerslene kostnadsførte.

Framtidige betalingsforpliktingar for bruks- og fallrettar er neddiskontert og balanseført som langsiktig forplikting. Betalingsforpliktingane som varierer med framtidig kraftpris vert sikringsbokført mot framtidig kraftproduksjon og vert såleis ikkje balanseført.

### **Magasinfylling**

I samsvar med vanleg praksis i bransjen vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin er likevel vesentleg for vurdering av rekneskapsmessige resultat for selskapet.

### **Kraftkontrakter**

Alle kjøps- og salskontraktar blir periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir periodiserte i høve til leverings- og mottakstidspunkt. Kraftportefølja vert vurdert med gjennomsnittspris på sals- og kjøpskontraktar med tilsvarende volum og samanfallande leveringsperiodar.

